



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Forvaltningsutvalet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda Rådhus  
**Dato:** 06.02.2018  
**Tid:** 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP
Milan Ilic	Åshild Vik	AP
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef
Ingvild Kalvatn	Ingeniør ved Utviklingssektoren
Edvin Løfoll	Ingeniør ved Teknisk sektor
Børild Skåra	Rådgjevar jordbruk



## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 7/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 8/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 16/18	<b>Løyve til endring av mur, gbr 17/243</b>
PS 17/18	<b>Asfaltering av kommunale vegar 2018</b>
PS 10/18	<b>Lys kommunale vegar</b>
PS 9/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 5/18	<b>Busskur på Lid</b>
PS 11/18	<b>Frådeling etter jordlova § 12, Marit Helset</b>
PS 12/18	<b>Gbr 30/17 – Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom</b>
PS 13/18	<b>Støtte til registrering av hønehauk</b>
PS 14/18	<b>Fagrapport kjerneområde landbruk for Volda kommune etter høyring i grendalaga</b>
PS 15/18	<b>Gbr 128/1 – Søknad om utsetjing av buplikta, Halvor Hjelle</b>

### **PS 7/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Før møtet vart det halde synfaring i samband med sak «Løyve til endring av mur, gbr 17/243»

Det var ni røysteføre ved møtestart.

#### **Innkalling:**

Ettersendte dokument 02.02.18:

Løyve til endring av mur, gbr 17/243.

Asfaltering av kommunale vegar 2018.

Innkalling vart godkjent.



## VOLDA KOMMUNE

### **Sakliste:**

Leiar Magnar Sunde ber om at sak «Løyve til endring av mur, gbr 17/243» og «Asfaltering av kommunale vegar 2018» blir sett på saklista etter PS 8/18.

### **Røysting:**

Sakene «Løyve til endring av mur, gbr 17/243» og «Asfaltering av kommunale vegar 2018» blir sett på saklista etter PS 8/18 var samrøystes godkjent.

### **PS 8/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå førre møte 11.01.18.

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte 11.01.18 var samrøystes godkjent.

### **PS 16/18 Løyve til endring av mur, gbr 17/243**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Med heimel i plan- og bygningslovas (pbl) § 20-1 og 21-4 vert søknad om endring av tiltak, motteke 01.02.2018, godkjent på følgjande vilkår:*

- 1. Muren må verte redusert slik at maks høgde vert 5 meter*
- 2. Det vert sett krav til variert beplanting i område framfor muren.*

#### **Handsaming:**

Petter Espe sette spørsmål gildskap, då han er økonomisjef og sit i leiargruppa i K. A. Aurstad, jamfør forv. §6 1. ledd e, nr.2.

Han gjekk frå under handsaming og røysting om gildskap.

Petter Espe vart samrøystes kjent ugild. Petter Espe gjekk frå under handsaminga av PS 16/18.

Det var åtte røysteføre. Utviklingssjef Jørgen Vestgarden svarte på spørsmål.

Magnar Sunde kom med følgjande framlegg:

*Med heimel i plan og bygningslova (PBL) § 20-1 og 21-4 vert søknad om endring av tiltak, motteke 01.02.2018 godkjent med krav til variert beplanting i området framfor muren.*

*Grunngjevinga er at forslaget til mur med beplantning vert vurdert å ha ei relativt pen utforming med avtrapping mot nabo i vest og med ei avslutning mot terreng i aust som er høgare enn denne muren og at ein ynskjer å kome søkar i møte for å utnytte ei tomt som ligg trangt og bratt til.*



## VOLDA KOMMUNE

Sindre Kvangarsnes kom med følgende framlegg:

*Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 og 20-4 vert søknad om endring av tiltak, motteke 01.02.2018, godkjent på vilkår av at terrenget i framkant av muren vert fylt opp og det vert etablert variert beplantning i området framfor muren.*

*Begrunning:*

*Den opprinnelege planen var å trappe av muren i to plan. Dette viste seg å vere vanskeleg pga grunnforholda i området. Det vart ikkje søkt om endring av planen, men vart gjennomført etter dialog med kommunen og tiltakshavar. Tiltaket ligg i brattlendt terreng. Det er gjennomført mange tilsvarande tiltak med høge murar i området. Dette tiltaket vil såleis ikkje skilje seg vesentleg ut i terrenget, tross si ruvande høgde. Forvaltningsutvalget meiner at det vert eit forholdmessig urimeleg krav at tiltakshavar må plukke ned igjen store delar av muren utifrå ei visuell begrunning.*

### **Røysting:**

Det var røysta over administrasjonen si tilråding først.

Øyvind Festø røysta for administrasjonen si tilråding, sju røysta i mot, og tilrådinga frå administrasjonen fall.

Det vart røysta alternativt over framlegga frå Magnar Sunde og Sindre Kvangarsnes.

Sindre Kvangarnes sitt framlegg fekk ingen røyster og fall. Magnar Sunde sitt framlegg fekk åtte røyster og vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Med heimel i plan og bygningslova (PBL) § 20-1 og 21-4 vert søknad om endring av tiltak, motteke 01.02.2018 godkjent med krav til variert beplantning i området framfor muren. Grunngevinga er at forslaget til mur med beplantning vert vurdert å ha ei relativt pen utforming med avtrapping mot nabo i vest og med ei avslutning mot terreng i aust som er høgare enn denne muren og at ein ynskjer å kome søkar i møte for å utnytte ei tomt som ligg trangt og bratt til.*

Petter Espe tok sete. Det er ni røysteføre.

### **PS 17/18 Asfaltering av kommunale vegar 2018**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsutvalet vedtek lista over prioriterte vegar og plassar slik den ligg føre.*

#### **Handsaming:**

Edvin Løfoll frå Teknisk sektor orienterte og svarte på spørsmål.

#### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



## VOLDA KOMMUNE

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Forvaltningsutvalet vedtek lista over prioriterte vegar og plassar slik den ligg føre.*

### **PS 10/18 Lys kommunale vegar**

#### **Handsaming:**

Edvin Løfoll Teknisk sektor orienterte og svarte på spørsmål.

Magnar Sunde kom med følgjande framlegg:

*Forvaltningsutvalet ber om at administrasjonen utfører det som kommunestyret vedtok i punktet om kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar på møtet 14. desember 2017*

#### **Røysting:**

Det vart røysta over framlegget frå Sunde.  
Framlegget frå Sunde vart samrøystes vedteke

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Forvaltningsutvalet ber om at administrasjonen utfører det som kommunestyret vedtok i punktet om kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar på møtet 14. desember 2017*

### **PS 9/18 Orienteringssaker**

#### **Orienteringssaker**

### **OS 5/18 Busskur på Lid**

#### **Handsaming:**

Edvin Løfoll frå Teknisk sektor orienterte og svarte på spørsmål.

### **PS 11/18 Frådeling etter jordlova § 12, Marit Helset**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 15.11.2017, frå Marit Helset, eigar av gnr 30 bnr 17. Det vert søkt om deling av 3 skogteigar på til saman 207 daa frå landbrukseigedomen. Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av 207 daa slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga drifts- og ressursmessige styrkar landbrukseigedomen som mottek areal.*

*Det vert sett vilkår om sal til naboeigedom.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Børild Skåra frå Landbrukskontoret i Ørsta og Volda svarte på spørsmål.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 15.11.2017, frå Marit Helset, eigar av gnr 30 bnr 17. Det vert søkt om deling av 3 skogteigar på til saman 207 daa frå landbrukseigedomen. Med heimel i jordlova § 12 gir Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av 207 daa slik det er søkt om. Grunngevinga er at delinga drifts- og ressursmessige styrkar landbrukseigedomen som mottek areal. Det vert sett vilkår om sal til naboeigedom.*

### **PS 12/18 Gbr 30/17 – Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 16.11.17 om konsesjon på 3 teigar på tilsaman 207 da frå gnr. 30 bnr. 17 på Rotset. Det vert vist til konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gitt konsesjon til Ragnar Aarflot, fødd 28.04.56. Vilkår er at arealet vert tilleggsareal til eige bruk gnr. 30 bnr. 1 m.fl.*

### **Handsaming:**

Børild Skåra frå Landbrukskontoret i Ørsta og Volda svarte på spørsmål.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 16.11.17 om konsesjon på 3 teigar på tilsaman 207 da frå gnr. 30 bnr. 17 på Rotset. Det vert vist til konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gitt konsesjon til Ragnar Aarflot, fødd 28.04.56. Vilkår er at arealet vert tilleggsareal til eige bruk gnr. 30 bnr. 1 m.fl.*

### **PS 13/18 Støtte til registrering av hønehauk**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Viser til søknad frå Faunafokus AS v/Oddvar Olsen om stønad til registrering av hønehauk i Volda kommune. Forvaltningsutvalet løyver i samsvar med saksutgreiinga kr. 3 000 frå kommunalt viltfond.*

### **Handsaming:**

Børild Skåra frå Landbrukskontoret i Ørsta og Volda svarte på spørsmål.



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Viser til søknad frå Faunafokus AS v/Oddvar Olsen om stønad til registrering av hønehauk i Volda kommune. Forvaltningsutvalet løyver i samsvar med saksutgreiinga kr. 3 000 frå kommunalt viltfond.*

### **PS 14/18 Fagrapport kjerneområde landbruk for Volda kommune etter høyring i grendalaga**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsutvalet tek fagrapporten Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dagsett 29.01.2018, til vitande, og ber om at rapporten vert teke inn som faktagrunnlag i arbeidet med ny kommuneplan.*

#### **Handsaming:**

Hans Peter Eidseflot stilte spørsmål om gildskap då han har sendt inn høyringssvar til fagrapporten.

Hans Peter Eidseflot gjekk frå og deltok ikkje under handsaminga og røystinga av gildskap. Hans Peter Eidseflot vart samrøystes kjent gild, og tok sete.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Forvaltningsutvalet tek fagrapporten Kjerneområde landbruk for Volda kommune, dagsett 29.01.2018, til vitande, og ber om at rapporten vert teke inn som faktagrunnlag i arbeidet med ny kommuneplan.*

### **PS 15/18 Gbr 128/1 – Søknad om utsetjing av buplikta, Halvor Hjelle**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsutvalet viser til søknad om utsetjing av buplikta frå Halvor Hjelle, på gnr. 128 bnr. 1 i Dalsbygda, og til vedtak gjort i sak 56/14. Forvaltningsutvalet opprettheld vilkåret om buplikt på eigedomen, og gir utsetjing med oppfylling av buplikta til 01.01.2020. Grunngeving for utsetjinga er personlege forhold.*

#### **Handsaming:**

I følge Offl. §13 jamfør forv. §13 1. og kompl. §31 2 ledd. vart møtet lukka kl 15:17 under handsaming av saka.



## VOLDA KOMMUNE

Møtet vart opna kl 15:20.

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Forvaltningsutvalet - 06.02.2018:**

*Forvaltningsutvalet viser til søknad om utsetjing av buplikta frå Halvor Hjelle, på gnr. 128 bnr. 1 i Dalsbygda, og til vedtak gjort i sak 56/14. Forvaltningsutvalet opprettheld vilkåret om buplikt på eigedomen, og gir utsetjing med oppfyljing av buplikta til 01.01.2020. Grunngeving for utsetjinga er personlege forhold.*

Møte slutt kl. 15:22.

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret

06.02.18

Sunniva Utnes

Konsulent